ÅRSMØTE

ÅRSMØTE I HOLSEN GRENDALAG

SØNDAG 24.02.2019 KL. 20:00 I HOLSEN SKULE

SAKLISTE

Sak 1. Konstituering

a) Godkjenning av innkalling og sakliste.
b) Val av møteleiar.
c) Val av referent.
d) Val av 2 til å skrive under møteboka.
e) Val av teljekorps.

Sak 2. Årsmelding 2018.

Sak 3. Rekneskap 2018.

Sak 4. Budsjett 2019.

Sak 5. Innmeldte saker.

Hjertestarter

Mobildekning i bygda

Opprustning av Nydalsvegen

Nytt aggregat

Sak 6. Saker frå styret.

Revidering av veglysplan

17 mai- komite

Holsen Bedehus

Informasjonssaker. Adresseplan og Kulturminneplan.

Sak 7. Forslag til tiltakspris.

Sak 8. Val etter §5 i vedtektene.

Helsing

Styret i Holsen Grendalag

HOLSEN GRENDALAG

Referat frå årsmøtet 2019 i Holsen Grendalag

24.02.19 kl. 20:00

Møtestad: Holsen Skule

Alle i styret møtte: Sveinung Nydal, Stig Arve Holsen Foss, Øystein Holsen, Hanne Høgseth og Trine Renate Vallestad

Det møtte 15 personar i tillegg til styret.

Sakliste:

Sak 1. Konstituering

a) Godkjenning av innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste vart godkjent.
Sak 4, budsjett, vert flytta til etter sak 5 og 6.

b) Val av møteleiar: Sveinung Nydal
c) Val av referent: Trine R. Vallestad
d) Val av to til å skrive under møtebok: Gert Høgseth og Leif Helge Birkeland
e) Val av teljekorps: Frode Sørevik og Gro Reiersgård

Sak 2. Årsmelding 2018

Leiar las årsmeldinga.

Kommentarar:
Fint at ein har sendt høyringssvar vedrørande bedehuset, men her er også mykje anna i bygda som kunne vore nenmt; blant anna kvernhus.

Viktig at ein følger opp vedrørande autovern.

Vedtak:
Årsmeldinga vart godkjent.

Sak 3. Årsrekneskapen 2018

Kasserar las opp årsrekneskapen.

Vedtak:
Årsregnskapet vart godkjent utan merknader.

Sak 5. Innmeldte saker

1. Innkjøp av hjartestartar

Det er ytra ynskje om å skaffe ein eller fleire hjartestartar til bygda. Styret har henta inn pris, og dei kostar ca. kr 15 000 per stk. Med tanke på batteriet må den stå i romtemperatur.

Kommentarar:
Det kunne vore relevant å ha ein hjartestartar på skulen i første omgang, blant anna med tanke på at her er forskjellige arrangement, samt nærleik til kyrkja. Der er ope stort sett heile døgnet unntatt på nattestid, så den vil i stor grad vere tilgjengeleg. Det vart også ytra ynskje om å ha ein øvingskveld, gjerne i samband med eit førstehjelpskurs.

Grendalaget treng ikkje ta heile kostnaden, vi kan blant anna samarbeide med kommunen gjennom skulen, husstyret og idrettslaget.

Vedtak:
Det vart samrøystes vedteke at det skal kjøpast inn ein hjartestartar. Styret kontaktar rektor med tanke på plassering på skulen og går inn for å ordne eit spleiselag.

2. Mobildekning i bygda

Fleire stader i bygda er det svært dårleg mobildekning. Styret foreslår å sette opp ei arbeidsgruppe for å jobbe med dette; Øystein Menes og Johannes Fleten har sagt ja til å vere med i gruppa. Det hadde vore greitt å fått inn ein person til, slik at ein er tre om det. Då gjerne ein representant frå styret.

Vedtak:
Det vart samrøystes vedteke at det skal opprettast ei arbeidsgruppe for dette formålet, bestående av Øystein Menes og Johannes Fleten. Styret stiller med ein representant som vert bestemt på neste styremøte.

3. Opprusting av Nydalsvegen

Nydalsvegen er i dårleg forfatning, og det er komt innspel om at grendalaget bør følge opp dette og jobbe for at det skal skje ei forbetning. Styret veit at det er foreslått i prioriteringslista frå kommunen å legge inn kr 800 000 på Nydalsvegen i år, men det er ikkje endeleg vedtatt.

Kommentarar:
Det hjelp ikkje å berre legge nytt dekke, her må gjerast noko meir; vi bør finne ut av kva dei tenker. Her bør vi tenke langsiktig; invitere planutvalet, politikarar og andre med ansvar til

synfaring i Nydalsvegen, gjerne også media. Vi må få det inn i økonomiplanen til kommunen. Burde det vere arbeidsgruppe her også?

Vedtak:
Styret formulerer eit brev til Førde kommune ved rådmannen og inviterer til synfaring, slik at vi får vist behovet.

4. Nytt aggregat

Lydaggregatet som vert brukt i forbindelse med blant anna 17. mai er gamalt og slitt. Her bør det vurderast å skaffe nytt.

Kommentarar:
Om det vert brukt kun en gong eller to i året, kan ein vurdere å leige inn aggregat. Slepp då også å tenke på vedlikehald.

Vedtak:
Vi går inn for å leige aggregat for framtidige 17. mai-feiringar.

Sak 6. Saker frå styret

1. Revidering av veglysplan

Forrige reviderte veglysplan var gjeldande frå 2014-2016, den treng derfor og oppdaterast.

Kommentarar:
Ein bør prioritere strekker der små barn skal gå på skulen, det er fleire born som har lange strekker til skulen i bekmørket, i 80-sone. Dei strekkene vi har mulighet til å få midlar til, er fylkesveg der det er born som går til skule. Det vil seie at det er nettopp frå skulen og innover vi har den muligheten.

Merknad til det var at ein også kan søke trafikktryggleiksmidlar frå kommunen, dette er ikkje begrensa til strekker langs fylkesveg, men gjeld f.eks. i bustadfelt og liknande. Vi bør undersøke mulighetene for å søke kommunen om slike midlar også.

Sørsida har fått lite, ein bør etterkvart tenke litt den vegen.

Styret sitt framlegg er at prioriteringsrekkefølga i førre reviderte veglysplan vert ståande til neste årsmøte. I mellomtida må ein sette opp kostnadsoverslag over dei gjenståande strekkene og kva vedlikehaldskostnader ein forventar framover.

Tilleggsmerknad: ein kan ta eit nytt møte til hausten vedrørande dette.

Vedtak:
Dette vert tatt opp på eit eige møte til hausten, og prioriteringsrekkefølga i førre reviderte veglysplan vert ståande enn så lenge. I mellomtida må veglysnemnda i samarbeid med styret i grendalaget sette opp eit kostnadsoverslag over dei gjenståande strekkene og kva

vedlikehaldskostnader ein forventar framover.

2. Retningslinjer for oppsett av 17. mai-komitè

På grunn av diverse tilbakemeldingar frå bygdefolket, vil styret ha ein gjennomgang av retningslinjene for oppsett av 17. mai-komitèen. Per i dag vert folk kalla inn i komitèen fram til dei melder frå om at dei ikkje vil vere med lenger, og ein vert kalla inn kvart 4. år frå og med det året ein er konfirmant.

Kommentarar:
Dagens retningslinjer er greie, så lenge det er rom for at ein kan sleppe dei åra det ikkje passar; f.eks. er det fleire som er russ 4 år etter konfirmasjonen.

Kanskje kunne ein gått over til å kalle inn kvart 5. år, no når det kun er arrangement på dagtid. Merknad til dette er at det er mykje fråfall, og at det derfor ikkje har vore så mange i komitèane som det som står på lista i utgangspunktet.

Vedtak:
Det var ingen innvendingar mot dagens retningslinjer, desse blir derfor haldt fram med.

3. Holsen Bedehus

Bygdefolket bør tenke over korleis ein vil bruke bedehuset framover. Dei som har stått med vedlikehaldet er komne i ein alder der dette ikkje er like enkelt lenger, og det er komt spørsmål om grendalaget kan vurdere å ta ansvar.

Vedtak:
Denne saka vert utsett til eit neste møte. Då har kanskje også dei som er ansvarlege for bedehuset anledning til å komme.

4. Informasjonssaker: Adresseplan og kulturminneplan

Informasjon om høyringsinsspel vedrørande adresseplan og kulturminneplan. Styret las opp høyringsinnspela.

Sak 4. Budsjett

Kasserar las opp budsjettet for 2019. Vi legg til kr 15 000 for innkjøp av hjartestartar.

Vedtak:
Budsjett vart vedteke uten merknader.

Sak 7. Tiltakspris

Det er i forkant av årsmøtet ikkje komt inn forslag om kandidatar til tiltaksprisen 2018.

Vedtak:
Styret set frist til 01. april for å nominere kandidatar.

Sak 8. Val etter § 5 i vedtektene

Valnemnda ved Helen Sørsund leia valet.

Forslaga frå valnemnda var følgjande:

Styret:

Leiar for eitt år: Leif Helge Birkeland (ny)
Styremedlem for to år: Øystein Holsen (attval)
Styremedlem for to år: Trine R. Vallestad (attval)

Stig Arve Holsen Foss og Hanne Høgseth stod ikkje på val.

Vara for eitt år:

Hildegunn Kvamme og Henriette Nydal

Lysnemnd for eitt år:

Frode Sørevik (attval)
Einar Sæterdal (attval)
Erlend Angedal (ny)
Lars Sæterdal (attval)

Revisor for eitt år:

Johannes Fleten og Atle Holsen (attval)

Valnemnd:

Gro Reiersgård	1 år
Nicolai Holsen	2 år
Tommy Lykkebø	3 år

Vara for eitt år: Tove Mette Kvamme (ny)

Forslaga frå valnemnda vart einstemmig vedtekne.

Godkjenning av møtereferat:

Leif Helge Birkeland

Gert Høgseth